

Forklaringer budsjett 2022-2024

Budsjett 2022:

Økonomien vår er avhengig av støtte frå eksterne; lønnsrefusjon frå 4H Norge, driftsstøtte frå fylkeskommunen, momskompensasjon og sponsorstøtte frå mellom anna Norsk landbrukssamvirke. Til saman utgjer dette litt over halvparten så mykje som inntekta vi får frå deltakaravgift og kontingent.

Prosjektstøtta vi har lagt inn i budsjettet utgjer om lag like mykje pengar som det vi får inn i kontingent og deltakaravgift.

Budsjettforslaget for 2022 er i hovudsak realistiske tal, men vi har også lagt inn til saman 125 000 kr i prosjektmidler som vil finansiere oppstart av nytt prosjekt og regionmøtene i september. Dette er midlar vi ikkje endå har søkt om, men kostnadene i 2022 er vi allereie bundet til. Dette prosjektet er også grunnen til at prosjektinntektene ikkje er justert meir ned i 2023 og 2024 sjølv om Draumeplassen 2020-2022 er avslutta. Innan den tid skal vi lage meir detaljert budsjett og inntektene skal vere sikre.

Langsiktig budsjett 2023-2024:

Medlemer er den beste inntektskjelda ein organisasjon kan ha. Å verve fleire medlemmar og starte nye klubbar skal ha stort fokus nå framover, også i det nye prosjektet. I tillegg er planen å søke om vidareføring av Draumeplassen-prosjektet, men fordi dette er svært usikre midler, har vi ikkje lagt dette inn i budsjettet.